

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 19.08.2019  
Sakhandsamar: **Øystein Helleseeth**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juli 2019**

**Arkivsak**

2018/552

**Styresak 065/2019**

**Styremøte 26.08.2019**

---

## Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per juli 2019 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Innan psykisk helsevern (PHV) var aktiviteten i juli omlag på budsjett. Innan somatikk var aktiviteten noko lågare enn budsjett målt i DRG-poeng, men justerer ein for H-resept var aktiviteten omlag på budsjett. Medisinsk klinikk, utan H-resept, hadde 110 poeng meir enn budsjett, medan kirurgisk klinikk hadde 103 poeng mindre enn budsjett.

Resultatet i juli viser eit samla underskot på 4,2 millionar kroner, som er 7,2 millionar lågare enn budsjett. Ein mottatt faktura på kjøp av rusplassar frå tredje tertial i 2018 og tidlegare i 2019 på 2,8 millionar innan psykisk helsevern forsterka resultatet negativt denne månaden. I positiv lei vart det bokført ekstra husleigeinntekter på 1 million innan stabsområdet. Uavhengig av desse ekstraordinære utgiftene og inntektene viser likevel drifta i juli eit underskot.

Juli er ein feriemånad på lik linje med juni og første del av august, og dei må difor sjåast i samanheng. Administrerende direktør forventar derfor ikkje at juli månad er representativt for resten av året, men vi ser likevel at særleg innan personalkostnader har Helse Førde utfordringar i høve å nå budsjettet for 2019. I dei månadlege møta (økonomiforum) mellom administrerende direktør og klinikkdirektørane er dette difor no fast tema, og vi arbeider kontinuerleg med tiltaksoppfølging knytt til personalkostnader.

Den største utfordringa i forhold til personalkostnader er slik administrerende direktør vurderer det innan medisinsk klinikk. Årsaka er samansett med ein kombinasjon av høgare sjukefråvær enn normalt, og då særleg innan enkelte avdelingar, samtidig som aktiviteten knytt til øyeblikkeleg hjelp er høgare enn budsjettet. I tillegg har medisinsk klinikk hatt utfordringar knytt til tilgang på fagpersonell og då særleg legar innan kreftavdelinga. Tilbakemeldinga frå klinikken er at dei no ventar betring framover som følgje av at dei har lukkast med rekruttering i seinare tid.

Innanfor fag ser administrerende direktør at vi må halde fram med å arbeide fokusert og målretta på område der utviklinga framleis ikkje er god nok. Dette gjeld fristbrot knytt til ventetid for poliklinisk utgreiing og behandling innan nokre fagområde. For desse områda erkjenner administrerende direktør at Helse Førde per no ikkje klarer å nå målsetjingane for ventetid pga. for låg kapasitet i høve mengda tilvisingar.

Når det gjeld tiltaka i sengepostane knytt til trygg pleie har administrerende direktør tidlegare fortalt om at vi har hatt ei positiv utvikling i 2019. Utviklinga i juni og juli har dessverre ikkje vore som tidlegare i år, og vi ser no at nokre avdelingar skil seg ut i negativ lei. Dette vil bli følgt opp, og ein ventar betring.

Innan HMS viser sjukefråværet ei negativ utvikling i juni. Sjukefråværet har auka til 6,9 prosent, som er 0,9 prosentpoeng høgare enn mai. Auken i føretaket har vore innan kortidssjukefråvær. Administrerende direktør registrerer og at det er store skilnader mellom dei ulike avdelingane. Som tidlegare meldt har Helse Førde over tid hatt betre fråværstal enn dei andre føretaka i Helse Vest. Skulle trenden med høgare sjukefråvær halde fram, vil administrerende direktør vurdere om det er nødvendig å setje inn tiltak overfor enkelte avdelingar og med oppfølging i økonomiforum.

## **FAG**

### **Ventetid for ventande ved periodeslutt**

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 61 dagar i juli (50 i juni). Ventetida er ein dag meir enn i juli 2018.

### **Ventetid - helsehjelp starta i perioden – måltal 50 dagar**

Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i juli, var 52 dagar (60 dagar i juni). Det er to dagar mindre enn dei som vart behandla i juli 2018.

### **Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltal 0 prosent**

Totalt 93 fristbrot svarande til 2 prosent av alle ventande (106 i juni).

Det var 76 nye fristbot svarande til 3,8 prosent av alle med frist i perioden (2,4 prosent i juni).

Gjennomsnitt for Helse Vest er 5,4 prosent.

### **Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)**

Førebels 80 prosent for første time (84 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 82 prosent.

66 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timar (64 prosent i juni). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 69 prosent.

### **Del ikkje møtt**

Stabilt lågt med 1,5 prosent i juli (1,8 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 4,0 prosent.

### **Epikrisetider**

Innan 1 dag: Somatikk 82 prosent i juli (74 prosent i 2018), psykisk helsevern 54 prosent i juli (32 prosent i 2018)

Innan 7 dagar: Somatikk 93 prosent i juli (92 prosent i 2018), psykisk helsevern 96 prosent i juli (94 prosent i 2018).

### **Korridorpasientar**

Stabilt lågt med 8 korridorpasientar, svarande til 0,1 prosent (0,2 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,1 prosent.

### **Utskrivingsklare pasientar**

Stabilt lågt med 15 døgn i juli (11 Vågsøy, 3 Høyanger og 1 Hyllestad), svarande til 0,3 prosent av alle liggedøgn (0,9 prosent i snitt i 2018). Gjennomsnitt for Helse Vest er 2,2 prosent

### **Stryking av planlagde operasjonar**

Det var 7 strykingar av totalt 106 planlagde operasjonar svarande til 6,6 prosent (4,7 prosent i juni).

Gjennomsnitt for 2018 var 2,7 prosent.

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 402	1 468	-67	1 351	50	11 945	11 931	14	11 875	70
DRG-poeng poliklinikk, A	300	263	37	292	8	3 015	2 840	176	2 852	164
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	98	137	-39	113	-15	1 207	1 448	-241	1 300	-92
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	67	30	37	58	9	333	287	46	284	49
<b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>	<b>1 866</b>	<b>1 898</b>	<b>-32</b>	<b>1 814</b>	<b>52</b>	<b>16 501</b>	<b>16 506</b>	<b>-5</b>	<b>16 310</b>	<b>191</b>
DRG-poeng behandla andre regionar	122	111	12	117	6	1 132	1 023	109	1 078	54
<b>Sum DRG-poeng eigne pasientar</b>	<b>1 922</b>	<b>1 979</b>	<b>-57</b>	<b>1 872</b>	<b>49</b>	<b>17 300</b>	<b>17 242</b>	<b>58</b>	<b>17 104</b>	<b>196</b>
Tal dagkirurgi/dagbehandling	951	968	-17	861	90	8 338	7 969	369	8 054	284
Tal sjukehusopphald	1 385	1 413	-28	1 360	25	10 726	10 928	-202	10 840	-114
Tal polikliniske konsultasjonar	7 200	6 633	567	6 974	226	73 744	70 684	3 060	70 910	2 834

### Perioden

Aktiviteten i perioden var 5,8 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 3,7 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 1,7 prosent lågare enn budsjett (32 poeng) og 2,9 prosent betre enn førre året.

### Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 3,6 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 3,3 prosent over fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten omlag som budsjett for året (-5 poeng) og 1,2 prosent høgare enn fjorårsproduksjonen.

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 513	1 363	150	1 406	107	11 132	10 295	837	9 989	1 143
Tal utskrivne pasientar	109	87	22	82	27	641	610	31	585	56
Poliklinisk dagbehandling	9	14	-5	20	-11	142	170	-28	214	-72
Polikliniske kons. m/refusjon	1 065	1 245	-180	1 048	17	14 204	14 973	-769	14 311	-107
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	606	570	36	609	-3	3 962	4 308	-346	4 398	-436
Tal utskrivne pasientar	16	20	-4	19	-3	126	137	-11	141	-15
Polikliniske kons. m/refusjon	119	150	-31	121	-2	1 542	1 804	-262	1 864	-322
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	13	72	-59	20	-7	679	727	-48	686	-7
Tal utskrivne pasientar UPH	3	7	-4	2	1	39	47	-8	42	-3
Polikliniske kons. m/refusjon	455	515	-60	513	-58	10 140	9 975	165	9 470	670

#### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innan PHV har i perioden vore omlag som budsjett. Beleggsprosenten på dei distriktpsikiatriske sentera (DPS) er 82 prosent i snitt. Akuttposten hadde 81 prosent belegg i perioden.

Innanfor rus er aktiviteten lik både budsjett og same periode i fjor. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 64 prosent i perioden.


Til no i år er aktiviteten innan PHV vaksne omlag på budsjett og over fjoråret, men for rus er aktiviteten lågare enn budsjett og fjoråret.

#### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

I perioden var aktiviteten lågare enn budsjett både for døgnopphald og poliklinikkane. Til no i år er aktiviteten på døgnopphald noko bak budsjett. Poliklinikkane har høgare aktivitet enn budsjett.

### Beleggsprosent

Rapporteringa viser tal pasientar i seng klokka 07:00 målt mot tal fysiske senger.



Beleggsprosenten i perioden er 82 prosent i snitt på DPS, og 64 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 14 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 81 prosent.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	132 187	132 187	0	1 102 841	1 102 841	1
Inntekter pasientbehandling	49 852	49 380	471	438 959	437 902	1 057
Øyremerka tilskot	2 131	2 711	-580	15 939	18 979	-3 040
Andre driftsinntekter / Eigendelar	14 769	12 633	2 136	95 933	92 485	3 449
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>198 939</b>	<b>196 912</b>	<b>2 027</b>	<b>1 653 672</b>	<b>1 652 207</b>	<b>1 466</b>
Kjøp helsetenester	-13 419	-11 427	-1 992	-92 125	-89 839	-2 286
Varekostnad	-22 183	-20 497	-1 687	-165 247	-171 361	6 113
Innleige personell	-2 738	-2 405	-333	-14 816	-11 573	-3 243
Personalkostnader	-106 712	-98 810	-7 902	-927 434	-914 266	-13 168
Pensjonskostnad	-20 614	-20 746	133	-145 225	-145 225	0
Ordinære avskrivningar	-6 236	-6 333	97	-43 894	-44 333	439
Andre driftskostnader	-31 322	-33 579	2 257	-249 336	-253 593	4 258
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-203 224</b>	<b>-193 797</b>	<b>-9 427</b>	<b>-1 638 077</b>	<b>-1 630 190</b>	<b>-7 887</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-4 285</b>	<b>3 114</b>	<b>-7 399</b>	<b>15 595</b>	<b>22 016</b>	<b>-6 421</b>
Finansinntekter	542	117	425	3 139	817	2 322
Finanskostnader	-415	-231	-184	-1 592	-1 843	251
<b>Finansresultat</b>	<b>127</b>	<b>-115</b>	<b>242</b>	<b>1 546</b>	<b>-1 027</b>	<b>2 573</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-4 158</b>	<b>3 000</b>	<b>-7 158</b>	<b>17 142</b>	<b>20 990</b>	<b>-3 848</b>

### Perioden

Resultatet i perioden er eit underskot på 4,2 millionar kroner, som er 7,2 millionar lågare enn budsjett.

Inntektene er 1,5 millionar over budsjett. Basisinntekt er inntektsført i tråd med budsjett. Inntekter knytt til pasientbehandling er 0,5 millionar høgare enn budsjett. Andre driftsinntekter, som inkluderer inntekter frå utanlandske pasientar og eigenandelar, er 2,2 millionar betre enn budsjett.

Kostnadene er 9,4 millionar høgare enn budsjett. Kjøp av helsetenester er 2 millionar høgare enn budsjett. PHV har i juli fått faktura knytt til rusbehandling for tredje tertial 2018 og tidlegare i 2019, som utgjer 2,8 millionar. Meirkostnader knytt til varekost er i stor grad knytt til kreftmedikament. I juli var kostnader knytt til H-resept 1,1 millionar lågare enn budsjett, og samla var resultateteffekten knytt til H-resept 0,1 millionar.

For personalkostnader og innleige var det eit meirforbruk på 8,1 millionar samanlikna med budsjett. Løn til fast tilsette har eit negativt avvik på 5,8 millionar, innleige av arbeidskraft har eit negativt avvik på 0,3

og overtid/ekstrahjelp har eit negativt avvik på 2,4 millionar. Tilskot, refusjonar og anna lønn har positivt avvik på 0,3 millionar. Ser ein juni og juli samla, som er feriemånader, hadde ein samla eit meirforbruk på 4,8 millionar på personalkostnader for desse to månadene.

### Akkumulert

Akkumulert resultat er 17,1 millionar, som er 3,8 millionar dårlegare enn budsjett. Inntekter er 1,5 millionar høgare enn budsjett. Driftskostnader er 7,9 millionar over budsjett. Finansresultat bidreg positivt med 2,6 millionar samanlikna med budsjett.

Varekostnaden er 6,1 millionar lågare enn budsjett. Av dette utgjør H-resept 10,7 millionar. I forhold til resultat, og då avvik mot budsjett, bidrar H-resept positivt med 5,5 millionar. Personalkostnad og innleige har eit meirforbruk samanlikna med budsjett på 16,4 millionar.


I andre driftskostnader ligg kostnader knytt til IKT og pasientreiser. Det er eit meirforbruk på 1,1 millionar for IKT. Pasienttransport har eit positivt avvik mot budsjett på 7,7 millionar. Resultateffekten for pasientreiser er positiv med 7,6 millionar på grunn av litt lågare inntekt enn budsjettert.

### Likviditet

Per utgangen av juli 2019 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 269,7 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 185,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i juni 2019 6,9 prosent. Det er 1,3 prosentpoeng høgare enn same månad førre år, og 0,9 prosentpoeng høgare enn førre månad.

## Månadsverk




Brutto månadsverk i juli var 2500. Dette var 63 fleire enn same periode i 2018.  
Netto månadsverk i juli var 2102. Dette var 51 fleire enn same periode i 2018.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


## Synergi

Melde saker i perioden januar til juni 2019 samanlikna med same tidsrom i 2018, fordelt på sakstypar:



Totalt melde saker er 1445 mot 1334 førre år.

### Tal saker med og utan konsekvens for gruppene pasientsaker, HMS-, drift- og IKT-saker:



Siste søyla viser kor mange saker som ventar på at leiar skal klassifisere sakene som med eller utan konsekvens. Samla var det per juni i 2019 meldt 15 prosent fleire saker enn same periode i 2018. Delen melde saker med konsekvens er 15,8 prosent. Dette er ein nedgang frå 2018 då andelen var 18,6 prosent. 97 saker er ikkje ferdig kategoriserte.

### Pasientrelaterte saker melde fordelt på type hending:

Tal hendingar	Januar – juni 2018		Januar – juni 2019	
	Utan konsekvens	Med konsekvens	Utan konsekvens	Med konsekvens
Pasientadministrasjon	52	4	31	3
Diagnostikk/utredning	17	7	15	4
Behandling og pleie	47	14	33	6
Fall og uhell	32	14	50	18
Dokumentasjon/infor.	39	5	23	0
Infeksjon	0	0	0	2
Legemidlar og blod	61	6	50	7
Medisinsk utstyr	4	1	2	1
Pasientadferd	25	6	13	5


Oversikta viser pasienthendingar melde i Synergi. Tabellen inkluderer ikkje hendingar som ikkje er kategoriserte.

Hendingar med konsekvens betyr at pasienten er skadelidande på ein eller annan måte. Hendingar utan konsekvens var hendingar som ikkje hadde konsekvens for pasienten, men avviket har potensiale for å påføre konsekvensar. Inndelinga i emne skjer etter ei nasjonal klassifisering.



## Trygg kirurgi


Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.




## Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei seks siste månadene. Til høgre i figurane er avdelingane sortert i rekkjefølgje etter oppnådd prosent.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal screenast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring. Det er sett i gang tiltak for å forbetre dette. Det har vore ei generell positiv utvikling i starten av året, men i feriemånadene juni og juli har det vore ei negativ utvikling.



Snittet for Helse Førde er 56,6 prosent mot 60,3 prosent i juni.



Snittet for Helse Førde er 52,5 prosent mot 58 prosent i juni.



Snittet for Helse Førde er 41,9 prosent mot 48,4 prosent i juni.